

## Referat FAU-møte 27:09.

Til stades: Pilar Moltu, Gard Lillenes Hovlid, Siv Pilskog, Silje Hoff Aksnes, Marisol, Andre Gjerde, Ida og Hanne Myrseth Kvalsund.

Manglar: Elise Vågsholm

### 1. Informasjon av rektor, elevråd og tilsette sine forventingar:

**Elevrådet** har ikkje fått møttes av ulike grunnar. I tillegg held dei på å arbeide litt med strukturen innad i elevrådet: ulike grupper som har sitt fokusarbeid. Innspel frå elevane: toaletta nede/ute, kantine, fredag ettermiddag; få ta tidlegbussen (den går ca 13:30-13:35). Held på med: ryddeprosjekt, meir stolar i mediateket, kantine skal starte opp (kanskje tre gongar i veka), arbeidet med asfalt på basketballbana er oppstarta (oppgradering til neste skuleår, men forarbeidet startar no). Rektor har vore i kontakt med eigedom, og Edvin skal kom å sjå på toaletta, men har ikkje komt enno. Der er litt pengar til overflattisk oppussing til toalette (maling osv), men ikkje pengar til større arbeid no.

**Tilsette:** positive til eit aktivt FAU. Opptekne av det sosiale, trivsel for elevane (har berre eitt bordtennisbord). Kanskje opne gymsalen i nokre friminutt. Male paradis på asfalten, luke i sandkassene, fylje på sand osv.

### 2. Informasjon frå KFU-møtet:

Vi held på å sjekke ut ang skulemat på SFO, tenker dette må vere eit likt tilbod til alle skulane i Herøy. Per i dag så held Einedalen på med å sjekke ut om dette, og tenker å starte det opp. En må huske på

økonomien, og at det då skal vere et tilbod som alle kan ha råd til.  
Det vil koste en sum per mnd for foreldra.

Vi kjem til å ta opp renoveringsbehov for alle skulane, og ny Bergsøy skule. Men dette vil vere langsiktig mål då vi må få det inn politisk. Planen er å få dei ulike partia til å ha det på valglista si til neste val. Må få tatt tilstandsrapporter osv.

Finansiering/fri ved skuleturar i foreldreregi? Må vere likt for alle skulane. Så det er vi no ut å innhenter info om. Det har ikkje vore praktisert likt mellom skulane. Litt dispensasjoner gitt pga covid, men frå neste år bør alle skular køyre lik linje.

Vi diskuterer og om KFU skal organisere foredrag/samling med politiet om narkotikabruk. Elevane vil då få info på skulen, og foreldre på kvelden. Brukar utstyr og div. Kan vere ganske aktuelt no sidan ungane har vore skjerma for en del dei siste tre åra, pga covid.

En ser og på om lærara har tilstrekkelig kurs/opplæring i digital kompetanse.

Skulevegring står og på agendaen for aktuelle saker.

Strategiplan og fokussaker i Herøy kommune:

- Fagfornyning
- Lesing og språk
- Ny strategi plan
- Koding i skulen.

3. Vi snakka om at vi må ha **ny instruks** for FAU Stokksund. Vi skal også få på plass eit årshjul. Dette skal ordnast på neste møte.
4. **Buss.** Det har vore diskutert tidlege morgonar og lang ventetid ved skulen for elevar frå Leikong og Moltu. Det vil nok vere vanskeleg å gjere noko med, sidan bussane har andre stadar dei må vere etterpå. Bussen frå Leikong går vidare utover til Fosnavåg. Bussen frå Moltu kjem frå Gjerdsvika og skyssar dei til Stokksund, og køyrer vidare til Myrvåg. Elevane frå Moltu er på skulen 7:30. Sjølv om dette nok er vanskeleg å endre på, er vårt forslag å alternativt setje opp minibussar slik at elevane kom til rett tid.
5. **Gapahuk** blir ei prioritert sak for FAU framover. Vi skal spørje Herøy vidaregåande om dei kan bygge ein ved skulen, slik dei har gjort i Fosnavåg og Myrvåg.
6. **Basketballbane** og basketkorger, sjå punkt 1. FAU og skulen/eigedom jobbar med saka.
7. **Toaletta**, sjå punkt 1. Skulen og eigedom jobbar med saka.
8. Ungdomsskulen **manglar helsesjukepleiar!** FAU og elevrådet sende brev til kommunen i januar 2020, men fekk ikkje svar. Vi skal også sende brev no. Saka hastar.

#### Saker som skal jobbast med til neste møte:

- Ny instruks for FAU Stokksund. Siv skal kome med instruks til neste møte. Grupperingar i FAU, til dømes: innemiljø, utemiljø, foreldrekveldar (med og utan barn)...
- Årshjul. Få på plass meir på årshjulet. Innspel frå skulen, til dømes julefest og sommarball? Elise og Hanne ser litt på årshjulet til neste møte.

- Brev angående manglande helsesjukepleiar. Hanne og Elise skal sende brev til servicetorget (og kommunestyret?).
- Tips til valfaget design og redesign når det gjeld veggane ute. Pilar skal sende bilete til læraren.

**Neste møte i veke 45/46 med både klassekontakter og vara. Har du saker som du vil vi skal ta opp, så send dei til klassekontaktene. Innkalling kjem.**

**FAU Stokksund skule**